

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 10.12.2015

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- OVERGREPSMOTTAK. OVERFLYTTING FRÅ SOGN OG FJORDANE TIL HORDALAND
- SENTER MOT INCEST OG SEKSUELLE OVERGREP (SMISO). OVERFLYTTING FRÅ SOGN OG FJORDANE TIL HORDALAND
- INTERKOMMUNALT KRISESENTERTILBOD. AVTALE MED FLORA KOMMUNE. DRØFTING AV VIDARE SAMARBEID FRÅ 01.01.2017
- BJØRN WEST-MUSEET. KONSOLIDERING OG VIDAREUTVIKLING
- GODKJENNING AV GBNR. 92/1 NAPPEN. DETALJREGULERING HYTTEFELT
- GODKJENNING AV AVTALE OM SAMARBEID MELLOM BIBLIOTEKA I HAFS-REGIONEN
- TUSENÅRSSTADEN GULATINGET - NY STRATEGI OG AVTALE MELLOM SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE OG GULEN KOMMUNE
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING PR. 31.10.2015
- ØKONOMISTATUS PR DESEMBER MED BUDSJETTREGULERING
- VURDERING AV MOGLEGE SAMARBEIDSFORMER MELLOM KOMMUNEN OG PRIVATE AKTØRAR VEDK. UTBYGGING BUSTADEFELT
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2016
- BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

Stad og tid: Møtesal på Gulating Hotell i Eivindvik kl. 10.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Siste melding om folketalutviklinga var hyggelig lesnad for Gulen kommune. Så langt i år har vi hatt ein vekst på 39 personar, og dette er prosentvis den største auken i regionen her. Dette er veldig kjekt å sjå, og viser at det arbeidet vi har gjort dei siste åra, både kommunen og GMU, har verka. Vi har vendt oss til dei utflytta



ungdomane med spørsmål kva dei ser som viktig for å flytte tilbake, og kva kommunen må gjere, og vi har vore på utdanningsmesser og møtt ungdomen. Eg merkar tydeleg at det er ei haldningsendring der det er fleire unge som ynskjer å busetje seg her.

Då er det viktig å tilrettelegge for busetjing i alle deler av kommunen. Difor har vi no planar om ei rekke bustadområder:

På Hovden er det eit flott byggefelt som nettopp er opparbeidd, og fleire hus er under oppføring der. Det kjem også ny barnehage i dette feltet.

I Eivindvik planlegg vi eit stort felt i lag med private utbyggjarar. Her er det fleire som har vist si interesse for å bygge, så dette hastar det med å få på plass.

I Brekke har vi planar om å legge til rette for vidare bygging på Ortneset nord for vegen, frå skyttarhuset og austover. I Brekke skal det også byggast ny barnehage, ei utviding av den som er.

På Dalsøyra er det sett av eit område på Kjelle vold, Myrsvika, som er eit spennande område med flott areal ned mot sjøen. Dette ligg inne i arealdelen, og her er vi interesserte i om det er nokon private som kunne tenke seg å utvikle det området i lag med kommunen? Dersom nokon er interesserte er det berre å ta kontakt.

På Byrknes og Haveland er det private felt som er tilgjengelege, så her skulle det vere gode mogelegheiter for å finne seg ei fin tomt i Gulen.

Elles er det budsjettarbeidet som opptek oss mest no. Formannskapet har lagt fram eit forslag som er samrøystes vedteke, og det skal handsamast av kommunestyre den 10. desember. Det er eit budsjett der vi planlegg store investeringar det neste året. Eg har nemnt dei to barnehagane som skal

byggast, i tillegg skal vi bygge PU-bustader på Dalsøyra. Dette er store løft, men heilt naudsynte investeringar for at vi skal ha dei gode tilboda som vi ynskjer i kommunen vår.

Den siste tida har vi vorte vitne til at mange menneske må rømme frå ufred i landet dei kjem frå, og søker tilflukt her hjå oss. Det er mange fleire enn før, og ei stor utfordring for landet å ta imot alle. I ein slik situasjon må vi alle stille opp og ta vår del av utfordringa. Her i kommunen har vi ikkje dei store lokala som må til for å huse mange, men vi har sagt at vi skal prøve å busetje fleire enn det vi først hadde tenkt.

Lat oss ta godt imot dei som kjem slik at dei fell inn i samfunnet vårt på ein god måte, og får lyst til å busetje seg her permanent.

Det er ei hektisk tid for oss alle no fram mot jul, og adventstida går alltid fortare enn vi skulle ynskje. Men eg håpar at vi alle skal kunne roe ned litt og kjenne på den freden også den mørke tida av året gjev. Kom i julestemning ved å gå på juleavslutningane på skulane våre, og på julekonsertane som vert arrangert i kommunen.

Eg vil få ynskje dykk alle ei god og fredeleg Jul, med håp om alt godt i det nye året.

Hallvard Oppedal

Kunngjering av budsjett

Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **09.12.2015** er det høve til å kome med merknader til budsjettet. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

Opningstider i jula

Ekspedisjonen har følgjande opningstider jula 2015.

Julaftan	Stengt
Romjula	kl 10.00 - 14.00
Nyttårsaftan	kl 09.00 - 12.00

I opningstidene er sentralen bemanna på telefon 57 78 20 00.

Ei verd i krise krev ekstra innsats også i Gulen

Situasjonen i Noreg

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, fører til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare har oppmoda kommunane om.



Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil vere behov for å busette minst 18 000 flyktningar i kommunane i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ei auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200.

Det er ei særstørre auke i talet einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av dei einslege mindreårige er under 15 år. Med bakgrunn i dette går IMDi ut med en oppmoding til alle busettingskommunar om å busette einslege mindreårige.

Status i Gulen

I Gulen har vi lagt vekt på at vi i hovudsak skal motta bornefamiliar. Det ut i frå tankegangen at vi trur denne gruppa har størst sjanse til å kunne trivast i kommunen vår. Verdas flyktningesituasjon utfordrar denne tanken. Flyktningekrisa inneber mange einslege på flukt. I tillegg er det mykje splitta familiar som gjer at vi ikkje kan setje likheitsteikn mellom ordet familie og vår tanke om den tradisjonelle kjernefamilien med 2 vaksne og 3 born.

Det er krevjande å organisere opplæringstilbodet til flyktningane. «Flyktningane» er ei ueinsarta gruppe der vi finn mange nasjonalitetar og kunnskapsnivået varierer frå analfabetisme

til universitetsnivå. Så langt har Gulen halde på at vi tek i mot flyktingar frå Syria. Det gjer arbeidet vårt med å organisere opplæringstilbodet enklare.

IMDi kjem no med eit ynskje om at kommunane ikkje må setje noko vilkår knytt til mottak.

I Gulen har vi motteke 2 familiar i 2014. I 2015 har vi så langt busett 4 flyktingar som har kome til Noreg åleine. Ein bur i Eivindvik, og tre er busett på Byrknes. Ein av desse har kone og to born som vonleg får flytte saman med han innan relativt kort tid.

Alle flyktingane vi har tatt imot har kome i gang med skule og introduksjonsprogram. Introduksjonsprogrammet består i hovudsak av norsk- og samfunnsopplæring på norsksenteret i kjellaren på Eivindvik skule, og språkpraksis på ein arbeidsplass ute i kommunen. Det er ønskjeleg at alle vurderer moglegheitene for å tilby språkpraksisplass på sin arbeidsplass. Det er kanskje den viktigaste arenaen for integrering etter at dei har blitt busett.

Kva jobbar vi konkret med no i Gulen

Gulen har fått oppmoding frå IMDi om å busette eit søskenpar og to søskenborn av dei. Dette er unge vaksne personar og ei jente på 12 år. For å få til dette treng vi å kome i kontakt med nokon som kunne tenke seg å vere støttefamilie for jenta, og eventuelt broren hennar.

Samtidig har vi fått oppmoding frå IMDi om å busette tre gifte menn, der familiare truleg vil kome på sikt. Desse vert planlagt busett i Brekke.

Alle dei aktuelle kjem frå Syria.

For å møte noko av etterspurnaden for husvære har kommunen starta prosjekt for å bygge ein bustad med 4 husvære i Eivindvik. I tillegg har kommunen engasjert seg i bygging av private bustader på Byrknes og i Brekke.

Gulen vert oppmoda til å ta eit større ansvar

Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi Gulen kommune om å ta imot 20 flyktingar i 2016.

Kommunen må også vurdere moglegheita for å busette einslege mindreårige flyktingar i 2016.

IMDi ber kommunen innan 31.12.2015 ta konkret stilling til mottak av 20 flyktingar i 2016, og også ta stilling til eit førebels plantal for 2017 på 24 flyktingar. Kommunen må også ta stilling til oppmodinga om å ta imot einslege mindreårige.

Korleis kan DU bidra?

Kommunen ynskjer at kvar einskild av dykk vurderer kva de kan bidra med.

Som skildra over treng vi snarleg kontakt med ein familie som kan vere støttefamilie for jenta på 12 år. Det er i fyrste rekke ein familie på Byrknes som er tenkt på i denne saka. Men vi er også interessert i å komme i kontakt med andre familiar som ynskjer å hjelpe til i denne eller andre liknande saker.

I åra som kjem vil det vere behov for fleire støttefamiliar, fosterfamiliar, støttekontaktar, praktisk hjelparar via Frivilligsentralen. Vi ber også bedriftene vurdere å opprette språkpraksisplassar.

Ta kontakt:

Flyktingetenesta v/Eirik Høydal
Tlf. 409 24 702

Frivilligsentralen v/Vivian Våge
Tlf. 926 22 607

Med helsing

Flyktingekonsulent Eirik Høydal og
Rådmann Reidun Halland

Gulatingsprisen

Det kom mange gode innspel til kven de meiner fortener Gulatingsprisen. Formannskapet handsama saka i møte 13.11.2015 og vart til slutt samde om ein kandidat.

Kven som vert tildelt Gulatingsprisen 2015 vert kunngjort i kommunestyremøte på Gulating Hotel torsdag 10.12.2015 der sjølv utdeling av prisen vert gjort ca kl 14.00.

Ny heimeside for Gulen kommune

Til neste år får kommunen ei ny nettside. Arbeidet med å sette opp den nye heimesida er i full gong og ein reknar med å vere i drift i løpet av våren 2016.

Har du flotte bilete frå kommunen vår?

I samband med utvikling av den nye heimesida til kommunen treng vi hjelp frå deg. Vi ynskjer oss temabilete som kan knyttast til ma. følgjande område:

- Born og familie
- Bustad og eigedom
- Helse og omsorg
- Kultur, idrett og fritid
- Landbruk og næring
- Barnehage, skule og opplæring
- Plan og tekniske tenester
- Økonomi og skatt

Følg med på kommunen si heimeside og facebookside for nærare informasjon.

Høgtid for brann

Desember er årets klart verste brannmånad. Faktisk brenn nesten 50 prosent fleire bustadar denne månaden enn i en gjennomsnittleg månad elles i året. Dette er skremmande tal, og ei påminning om at alle bør være ekstra merksam på brannfaren i julemånen.

I dag får ein kjøpt mykje fine «telys» og liknande som går på batteri. Å nytte slike lys, som ei erstatning for tradisjonelle telys og liknande, er eit godt førebyggjande tiltak for å hindre brann. Gå i tillegg ein fast runde i huset ditt før du legg deg, berre for å sjå til at alle lys er slukka. Dette er ein god vane.

Ha ei koseleg adventstid.

Naudnummer

Brann 110
Politi 112
Ambulanse 113
Legevakta i Nordhordland
(døgnopen alle dagar) 116 117

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 8 arealplanar, blant anna følgjande:

Reguleringsplanar

Godkjent 12.11.15: forslag for mindre endring bustad til fleirmannsbustad:
1999008 Gåtafelt
2002003 Ånneland
2005006 Haveland

Planarbeid pågår

2008001 Taskebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2013003 Gulen industrihamn, regulerings-
endring
2014002 Brandanger 75/1,3,5 spreidd bygg

Planarbeid med planprogram

2014006 Oppdrettsanl. Ortneset, Brekke

Planforslag for 1. gongs høyring

2014003 Veg Skipavika – Brandangerbrua
Fv4

Planforslag til godkjenning

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

Anna plan-nytt

Høyring av planprogram for revisjon av fylkesdelplan for arealbruk.

Høyring av handlingsdel for regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane.

Høyring av endringsforslag frå Departementet for plan og byggingslov – forenkling i planprosses.

Utarbeiding forslag for mindre endring av arealdelen.

Prosjektnytt

Forprosjekt symjehall Dalsøyra, alternativplassering rundt skule pågår.

Prosjektering tiltak for plan for tiltak snuplass Byrknes skule.

Utføring uteplass og klatrepark for Brekke barnehage og skule.

Vassforsyning søre Gulen, Sløvåg.

Skada vilt

Viltforvaltninga i kommunen har ansvaret for ettersøk og avliving av skada vilt. Det gjeld ikkje berre trafikkskada hjortevilt, men også anna vilt som er skada.

Gulen kommune fekk i 2001 ein avtale med Gulen Ettersøkslag som rykkjer ut med ekvipasje etter oppmoding frå politi, viltansvarleg eller tredjeperson. Gulen kommune har gjeve Gulen Ettersøkslag ein generell dispensasjon for bruk av kunstig lys og bruk av motorkøyrety ved ettersøk og avliving av skada vilt.

Påkøyrsløse

Etter ein kollisjon spring ofte dyret sin veg, sjølv om det er hardt skadd. Då er det viktig med nøyaktig merking av staden der uhellet skjedde. Ring politiet så snart som råd då blir du automatisk registret i loggen og får stadfesta påkøyrsla også med tanke på skadeoppgjær. Politiet kontaktar medlem i ettersøkslaget. Gje opp namn og telefonnr, slik at dei som skal gå ettersøk kan få kontakt med dykk.

Dersom dyret er skada og ligg i vegkanten kan du ringe direkte til ein av medlemmene i ettersøkslaget, slik at avliving av dyret kan skje raskare.

Fjerning av hjortekadaver er grunneigar sitt ansvar. Ligg kadaveret på Statens Vegvesen sin grunn, ring 175. Gulen kommune er eigar av dyr som blir avliva.

Kommunen skal ha melding om funn av kadaver.

Medlemmar i Gulen Ettersøkslag

Namn	Stad	Telefon
Karstein Elnes Leiar	Eivindvik	971 40 824
Roar Elnes	Eivindvik	416 85 260
Geir Haveland	Eivindvik	908 49 494
Lars Elling Haugsvær	Haugsvær	976 67 912
Arild Wergeland	Brekke	959 51 552
Leif Helge Fjellro	Garnes/Austgulen	909 80 051
Odd Rune Våge	Leikanger/Eivindvik	412 95 025
Hordaland politidistrikt		02800
Lensmannen i Gulen/Masfjorden		57 78 13 00
Gulen kommune v/viltforvaltninga		482 91 868

Hjortejakta 2015

Hjortejakta i Gulen 2015 er frå 01.09.2015 til 23.12.2015.



Årets hjortejakt nærmar seg derfor slutten, og med det kjem tida for rapportering. Me minner difor om at alle jaktfelt må levere *Sett hjort-skjema* og *slaktevektskjema* til sin valdansvarleg.

Valdansvarleg sender desse skjema vidare til kommunen saman med skjemaet *Fellingsløyve og fellingsrapport for 2015*.

Fristen for innsending til kommunen er 3. januar 2016.

Produksjonstilskot 2016

Fristen for søknad om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid er (som vanleg) 20.01.2016.

Dei fleste søker no elektronisk gjennom Altinn. Landbrukskontoret tilrår alle å søkje på denne måten, då søkjar slik får ei ekstra kvalitetssikring av sin eigen søknad før han vert sendt vidare. I tillegg vert vidare handsaming mindre arbeidskrevjande for landbrukskontoret. Den enklaste innlogginga til søknadsskjemaet finn ein ved å nytte Landbruksdirektoratet (tidlegare Statens landbruksforvaltning) sine nettsider www.slf.dep.no. Altinn-skjema vert tilgjengeleg etter registreringsdatoen 1. januar. Papirskjema vert ikkje lenger sendt ut frå Landbruksdirektoratet. Tomme skjema kan ein sjølv skrive ut frå www.slf.dep.no – eller få ved å kontakte landbrukskontoret.

Tips til julegaver?

I ekspedisjonen har vi ei rekkje flotte bøker til sals.



Brekke: Tun og Ætt	kr	550,-
Gulatinget	kr	268,-
Gulatingboka	kr	350,-
Gulen i gammel og ny tid	kr	500,-
(pr. bok)	kr	500,-
Gulen i gammel og ny tid I-III	kr	1 000,-
Vestlandskunstnaren	kr	248,-
Mons Breidvik		
Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar	kr	270,-
Turkart over Gulen	kr	150,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan i tillegg tinge bøker via telefon eller e-post.

Ta kontakt på tlf. 57 78 20 00 eller postmottak@gulen.kommune.no

Basar på sjukeheimen

22.oktober 2015 var det basar på gamlestova på sjukeheimen i regi av dementavdelinga. Dette er fjerde året det vert arrangert basar og me håpar på å få til ein ny basar neste år også.

Det var dekkja opp med langbord og saman fekk me ei koseleg stund med åresal, trekking av loddbøker, kaffi og kaker. I år fekk me god hjelp av konfirmantane Lars Fosse og Jonas Stølen.

Til saman kom det inn NOK 15 940 kr! Pengane skal nyttast til sansehagen vår, med særleg fokus på utelys.

Me vil med dette få takke for positive tilbakemeldingar, kjøp av lodd, gevinstar og oppmøte.

Beste helsing oss på dementavdelinga v/avdelingssjukepleiar Brita Eidnes.



Støttefamilie/besøksheim

Barneverntenesta treng støttefamiliar/besøksheimar.



Er du/de den vi treng? Har du tid å dele med andre?

Ein støttefamilie er ein familie som kan romme andre barn, og la desse borna vere ein del av familien. Me treng familiar som likar å vere fleire, kreative, og som kan gje omsorg og nærleik. Dei som kunne tenkt seg å vere ein ekstraressurs for andre, kan ta kontakt med oss.

Dei vi tilsett må leggja fram nyare politiattest. De vil få ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de vil få rettleiing og oppfølging.

Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!
Helsing Jane, Anne Marit og Ann Helen
Telefon 57 78 20 60/61/62

Er det barn og unge som treng nokon å snakke med i juledagane?

De kan ringe Alarmtelefon for barn og unge 116 111.



Aktivitetsenteret

Jula nærmar seg med store steg. Vi ved Aktivitetseneret på Dalsøyra vil lage ein stand ved Dalsøyra Handel, der vi vil stille ut og selje produkta våre. Den 04. desember kl. 11:00- 13:30.

Kom innom for å sjå våre flotte produkt og litt varmt i koppen og noko å bite i.

Med venneleg helsing
Pu-tenesta v/Björg Haugland og Hilde Vabø

Valresultat - mandatfordeling

Ant. Røysteføre: 1842 Valdeltaking: 69,8 %

Partiliste	Førehand	Valting	Totalt	%	Mandat
Arbeidarpartiet	55	104	159	12,5	3
Framstegspartiet	11	18	29	2,3	0
Høgre	66	219	285	22,4	5
Kristeleg Folkeparti	27	57	84	6,6	1
Senterpartiet	119	418	537	42,1	9
Venstre	48	133	181	14,2	3

Senterpartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Hallvard Oppedal	1956
02	Helga Irene Ellingsen	1969
03	Johnny Leidvin Langvatn	1964
04	Rolf Daniel Midtun	1987
05	Lars Atle Larsen	1967
06	Kristin Margrete Byrknes	1965
07	Lars Magnus Neverdal	1973
08	Jon Ivar Steine	1969
09	Arnhild Kjellevoid	1958
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Beate Haugland	1973
02	Nils Inge Ynnesdal	1985
03	Linda Oppedal	1973
04	Ingve Dyrøy	1973
05	Møyfrid Steinsund Kvamme	1952
06	Klaus Hope Hjartholm	1973
07	Solfrid Vatile Oppedal	1962
08	Bjørn Kåre Hjartholm	1969
09	Malene Hamn Elnes	1997
10	Erling Ingemund Nesse	1955

Høgre

Nr	Representantar	Fødd
01	Ivar Eide	1963
02	Stein Inge Larsen	1972
03	Anne-Mette Dahl Andreassen	1964
04	Bjørn Brekke	1944
05	Kristin Mjanger	1966
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Reidar Bøe	1942
02	Astrid Uthaug	1968
03	Leif Otto Halland	1961
04	Anne Kristin Evjenth Ytreøy	1955
05	Jan Even Østerbø	1969
06	Even Breidvik Rambjørg	1983
07	Marit Austgulen Wick	1967
08	Kristin Kvamme Rasch	1980

Arbeidarpartiet

Nr	Representantar	Fødd
01	Rune Håvåg	1976
02	Gerd Ingunn Ynnesdal	1962
03	Odd Harald Per Eide	1955
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Merete Ånneland Misje	1972
02	Jørgen Virkesdal	1959
03	Rebecka Randal	1994
04	Line Birknes	1982
05	Nina Kolås Rutledal	1980
06	May-Lynn Osland	1986

Venstre

Nr	Representantar	Fødd
01	Bjarte Undertun	1982
02	Daniel Olai Kvernøy	1984
03	Margrethe Thune Trædal	1982
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Ingvild Høydal	1981
02	Veslemøy Dingen	1974
03	Jarle Nordgulen	1957
04	Linn Dyveke Wilberg	1980
05	Aslak Nyhammer	1952
06	Herold Kråkenes	1978

Venstre

Nr	Representantar	Fødd
01	Ingolf Wergeland	1955
Nr	Vararepresentantar	Fødd
01	Bente Hauge	1974
02	Jan Henrik Leknes	1964
03	Elise Molde	1978
04	Astrid K. Dyregrov	1963

Dette skjer i kyrkja



06. desember kl 15.30

Gudsteneste i Risnehall,
Brekke

13. desember kl 11.00

Gudsteneste i Gulen kyrkje

19. desember kl 16.15

Julekonsert i Mjømna kyrkje

19. desember kl 15.30

Julekonsert i Brekke kyrkje

20. desember kl 15.30

Julekonsert i Gulen kyrkje

24. desember kl 11.00

Gudsteneste i Mjømna kyrkje
v/Jens Linde

24. desember kl 14.00

Familiegudsteneste i Brekke kyrkje
v/Øystein Skauge

24. desember kl 16.00

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje
v/Jens Linde

25. desember kl 12.00

Gudsteneste i Gulen kyrkje

26. desember kl 11.00

Gudsteneste i Mjømna kyrkje

31. desember kl 23.00

Midnattsgudsteneste i Brekke kyrkje



EI RIKTIG GOD JUL
OG EIT GODT NYTT ÅR TIL
DYKK ALLE

Eivindvik tannklinikk



Tannlegen og
tannhelsesekretærer går på
ferie f.o.m. 18.12.2015, mens
tannpleiar starter ferien f.o.m.
23.12.2015.

Klinikken held då stengt fram til tysdag
05.01.2016.

Tannpleiaren har no fått airbrush og
saltblåsing, som fjerner misfargingar frå
tenner. Ta kontakt med Eivindvik tannklinikk
for ein julerens!

GOD JUL OG EIT RIKTIG GODT NYTTÅR TIL
ALLE FRÅ TEAMET PÅ EIVINDVIK
TANNKLINIKK !

Gulen TAXI

- Taxi
- Rullestol
- Minibuss

Tlf. 577 83 100